



Eit av oppslaga i "Sti og varde" – med bålkos ved Fjellandsbøvatnet som illustrasjon. (Foto: Fredrik Skeie)

"Uskedalen har alt" og "Drømmestedet" er to av titlane ni det siste nummeret av medlemsmagasinet til Bergen Turlag, den største friluftsjorganisasjonen på Vestlandet.



["Uskedalen har alt" kunnjger dei unge og friluftsglade bergensarane.](#)

I magasinet blir Uskedalen skamrost og det blir kunnjgort at DNT ung Bergen og DNT fjellsport Bergen drøyer om ein eigen stad og ønsker seg ei hytte i vår dal.

Den er ein perpekt stad for Base Camp og fjellsamlingar. DNT fjellsport har halde Base Camp her i mange år og gjer det igjen i helga 5.-7. september. Ungdomsgruppa hadde fjellsamling ved Fjellandsbø i fjor og ønsker seg tilbake dit.

Hans Kristian Flaatten som leiar gruppa peikar på at det er mange fordelar med Uskedalen, ikkje minst at det er greit å koma hit med både båt og buss. Men det er berre ein av grunnane. Flaatten strekar under at ein her finn det meste naturen har å by på, flotte og alpine fjell som gjev mogelegheit for spanande topturar og ein unik mogelegheit for klatring. Nær teltplassen ved Fjellandsbø er det eit stort, fint vatn som har ein behageleg temperatur om sommaran når sola steikar.

- Her har vi mogelegheit for dei vannsportane vi kan finna på. Bading, padling og vannvolleyball var berre noko av det vi gjorde på sist leir. Dette er veldig bra med tanke på variasjon av aktivitetane under en Base Camp eller fjellsamling seier Flaatten.

- DNT fjellsport Bergen likar seg så godt i Uskedalen at dei legg to Base Camp i året hit.

- Her er flott å klatre, padle og gå fotturar og vi er ikkje så langt frå Folgefonna, for dei som vil ta seg ein bretur eller å klatra is, seier leiar Birte Haugland.

Ho legg til at dei to gruppene har mykje til felles og det kan styrkja fellesskapen hvis dei får ei felles hytte eller liknande i nærleiken av Uskedalen. Ingen av gruppene har ei eigen hytte frå før. Ei hytte i Uskedalen kan opne for nye og fleire turar hit, også saman med fjellsportgruppa.

Av Ola Matti Mathisen

Medlemsmagasin for Bergen Turlag • Nr 3 – 2008/39. årgang

STI OG VARDE



Hans Kristian Flaatten svevar nesten fritt over Ulvanåso på forsida av siste "Sti og varde" (Foto: Fredrik Skeie)